



BERGEN

Foto: ukjent, Riksantikvaren

Litteraturhuset i Bergen 14. - 15. oktober

Kystens kulturmiljø - konferanse

Riksantikvaren, Vestland fylkeskommune og Forbundet KYSTEN inviterer til konferanse om kystens kulturmiljø. Konferansen er retta mot frivillige organisasjonar, kulturmiljøforvaltinga, kommunar og private eigarar av fartøy, naust og sjøhus, handelsstadar og gjestgivarstadar.

Den 14. oktober vil det vere felles samling med føredrag og innlegg som løftar fram det rike mangfaldet av kulturmiljø langs kysten, og dei mange aktivitetane som bidreg til å ta vare på og vidareutvikle denne kulturarven. Om kvelden inviterer vi til ei felles oppleving av kystkultur på nært hald, med servering.

Den 15. oktober blir det parallelle sesjonar med desse temaområda:

- Naust og sjøhus
- Fartøyvern, små og opne båtar
- Handelsstadar og gjestgivarstadar langs kysten

Programmet blir jamleg oppdatert på Riksantikvarens nettside.

PRAKTISK INFORMASJON

Deltakaravgift: Kr. 500. Det dekkjer lunsj båe dagar, frukt og kaffi.

Kveldsarrangement med servering kr 480.

Overnatting: Deltakarane bestiller sjølv overnatting der dei ynskjer å bu.

Meld deg på her: [påmeldingsskjema](#)

Foreløpig program

14. oktober

Konferansen startar kl 10.00

Velkomen til vestlandet ved Vestland fylkeskommune

Velkomen til konferanse ved riksantikvar Hanna Geiran og generalsekretær Forbundet KYSTEN Bente Asphaug

- ✓ Myten om kystkulturen v/ Dag Hundstad, forskar 1 ved Nasjonalbiblioteket
- ✓ Den opne båten - Båt, jekt, farty og skip, men mest om båt v/Jon Bojer Godal
- ✓ Fartøyvernet si historie i Noreg v/ Erik Småland, avdelingsleiar, Isegran fartøyvernssenter.
- ✓ Strekk seil for nordlandsbåten og norsk klinkbåttradisjon v/Kjell Magne Mælen, førsteamanuensis UiT
- ✓ Naustlandet v/Eva Røyrane, forfattar og journalist
- ✓ Handelsstadar og gjestgivarstadar v/Erlend Hofstad, seniorrådgjevar, Vestland fylkeskommune
- ✓ Leidang og naust v/Marie Ødegård, førsteamanuensis UIS.
- ✓ Dei båtreisande v/ Grethe Paulsen Vie, avdelingsleiar og konservator, Haugalandmuseet

PANELDEBATT

- ✓ Kva er dei største utfordringane?
- ✓ Korleis sette kystkultur på dagsorden?
- ✓ Korleis sikre kystens kulturmiljø?
- ✓ Offentleg støtte eller næringsutvikling?

OM KVELDEN KL. 19.00

Kystkultur og middag

15. oktober

Tre parallelle sesjonar. Frå kl. 09.00 til 16.00

1. FARTØYVERN

Parallellsesjon fartøyvern erstattar den tidlegare fagsamlinga i fartøyvernet. Me skal høyra om korleis fagutvikling i fartøyvern svarer på Riksantikvarens strategiar, og korleis ulike fagmiljø opplever vilkår og verkelegheita.

Me vil også få presentasjonar av fagutviklingsprosjekt som har fått tilskot frå post 75. Nokre av dei inviterte prosjekta er i startgropa, medan nokon nærmar seg avslutning.

Vidare skal me innom korleis arbeidet med bevaring av "små og opne båtar", kan koma vidare. Her vil det handla om kva område som vil krevja ein meir overordna innsats, og kor og korleis samarbeid mellom fleire aktørar vil vera aktuelt.

Sesjonen vil også gi innblikk i problemstillingar som eigarar av freda og verna fartøy kan ha i møte med offentleg regelverk og praksis. Me vil presentera døme på problemforståing og moglegheiter for løysing. Til det vil me invitera dei tre nasjonale fartøyvernsentrene og eit museum til å dela erfaringane deira med oss.

2. HANDELSSTADAR OG GJESTGIVARSTADAR LANGS KYSTEN

Parallellsesjonen om handelsstader og gjestgivarstadar vil ta opp bruk og bevaring av slike stadar. Frå og med 1600-talet vart det etablert gjestgivarstadar, skysstasjonar, postopnerier og handelsstadar ved ferdselsårene langs heile kysten. På handelsstadene kunne bønder og fiskarar kjøpa det meste av det dei trong. Handelsmennene kunne også kjøpa produkt av bønder og fiskarar og føra desse til Bergen eller Trondhjem.

I 1842 fekk me nye liberale handelslover, og utover på 1800-talet, samtidig som kystrutene vart etablerte, voks det fram nye knutepunkt langs kysten. Ei følge av dette var at dei gamle handelsstadene og gjestgivarstadane gradvis gjekk av bruk.

Handelsstadar og gjestgivarstadar er kanskje den viktigaste gruppa kulturmiljø som vitnar som handel og samferdsel langs kysten.

På parallellsesjonen vil me både få innlegg om historia til desse handelsstadene og gjestgivarstadane og erfaringar på bruk og bevaring av bygningane. Det er ogsså teke initiativ til å etablere eit nettverk for eigarar og forvaltarar av handelsstadar og gjestgivarstadar langs kysten. På denne sesjonen vil me også drøfta dette initiativ og vurdere om, og korleis, eit slikt nettverks skal organiserast.

3. SJØBRUKSBYGNINGAR, NAUST OG SJØHUS

Parallellsesjonen om naust, sjøhus og bryggjer, frå no av omtalt som "Sjøbruksbygningar" vil ta for seg bruk og bevaring av denne viktige bygningsgruppa. Sjøbruksbygningane er sentrale i kulturlandskapet langs kysten. Desse bygningane vart reiste for å verna båtar, reiskapar og fangst mot vêr og vind og har spelt ei sentral rolle i både fiske og handel. Nausta, gav fiskarar tilgang til havet året rundt, medan sjøhusa fungerte som lagar, verkstader og utsalsstader for fisk og andre varer. Dei større saltebuene og bryggjene var lager for fisk og andre varer, anten dei låg på ein isolert holme eller midt i byen.

Mange sjøbruksbygningar forfell og forsvinn, hovudsakleg fordi dei ikkje lenger er i bruk. Miljøovervaking dei siste 25 åra viser at desse bygningane har ein svært høg tapsprosent.

I denne sesjonen vil bevaring og ny bruk av desse bygningane stå sentralt.